

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 2010/00942 ME/ME2

Vår ref: 10/01166

Oslo, 01.03.2011

Høyring – kriteria for regionale filmsenter

Vi viser til framlegget av kriteria for fordeling av middel til regionale filmsenter i brev av 21. Desember 2010. Frist for høyrings svar var sett til 1. mars 2011, utvida til 1. april i følge departementets eiga heimeside.

Norsk filminstitutt vil i all hovudsak seie seg samd i hovudprinsippa som ligg til grunn, men har enkelte merknader til punkt som er uklare eller som kan ha utilsikta verknader.

Vekta folketalsfordeling.

NFI støtter prinsippet om at delar av tilskottet må vere føreseieleg, og derfor bør reknast ut etter ein faktor for folketal. Vi ser ikkje at NFI er kompetent autoritet til å vurdere vektinga i dei ulike regionane. Vi har heller ikkje rekna på kva utslag det vil gi, men peikar på at fordelinga må vere slik at det føreseielege tilskottet bør utgjere eit visst minimumsnivå for alle senter dersom det skal gi grunnlag for stabil drift.

Fordeling etter kvalitetsvurdering

NFI vil skilje dei kvalitative vurderingane i to.

Planar og resultat på områda talentutvikling/kompetanseheving, barn og unge og likestilling må kunne lesast som målstyringsparameter, og vil vere relativt greie å evaluere. Vi har ingen merknader til dette.

Vurderinga av bransjens storleik, styrke og profesjonalitet har sterkare element av skjønsmessig vurdering i seg. Dei objektive kriteria som er valde, må vere klare og forstålege. NFI vil tilrå at ein ved vurdering av bransjens storleik legg til grunn same definisjon som i Forskrift for tilskott til audiovisuelle produksjonar; "foretak som har produksjon av audiovisuelle produksjoner som sitt hovedformål og som ikke har det offentlige som hovedeier eller i vesentlig grad er knyttet til et kringkastingsforetak". Det vil gi eit rettare bilete av den profesjonelle delen av bransjen enn om ein nytta registreringa i Brønnøysund, der svært mange aktørar ikkje kan seiast å vere profesjonelle. I tillegg bør det formulerast eit

krav til aktivitet i selskapet, til dømes i form av dokumentert produksjon i minimum eitt av dei siste tre åra.

Tal på søknader må vidare basere seg på reelle søkjarar, altså søkjarar som oppfyller minimumskrava for å motta tilskott. Talet på prosjekt må vidare sjåast opp mot samla tilskott som blir delt ut. Dersom det er store kvalitative skilnader mellom regionar, kan ein sjå for seg at ein region med høgt nivå vil kunne gi førre, men større tilskott, enn i ein region med svakare søknadsmasse.

Filmar viste på festivalar, NRK, TV2 og kino er eit reint kvantitativt kriterium. Her bør ein etablere ei liste over kva festivalar som kvalifiserer, og spesifikt bør det vel gjelde filmar som er tekne ut i konkurranse. Lista bør omfatte både nasjonale og internasjonale festivalar, og vere kjend for sentra. Visningar på NRK og TV2 er også ein grei og målbar faktor.

Vi er derimot usikre på om kinoframsyningar er eit godt kriterium. Det måtte i så fall gjelde ordinære kinovisningar, altså ikkje visningar som produsenten sjølv finansierer. Hovudvekta av arbeidet for filmsentra vil vere retta mot kort- og dokumentarfilm. Desse vil normalt ikkje ha ordinær kinovisning. Kriteriet må i så fall vere spesifikt retta mot kinofilmproduksjonar. Da bør ein vidare avgjere om kriteriet skal vere produksjonar frå selskap med postadresse i regionen, eller om også andre faktorar skal telje.

Behovet for å utvikle sterke miljø utanfor det sentrale austlandsområdet er noko uklart formulert som sjølvstendig kriterium. Dels blir dette kriteriet teke omsyn til i vektinga av folketal i grunntilskottet. Dersom det er eit spesifikt ønske om å bygge opp enkelte miljø, kan dette gjerast på to måtar. Anten kan ein leggje til grunn den lokale og regionale satsinga på området, det vil seie den økonomiske innsatsfaktoren. Alternativt må dette vere ei rein politisk vurdering, som ein bonus for senteret/sentraa som blir vurdert som sterkast ut frå dei andre kriteria.

Andre problemstillingar

NFI vil peike på det spesielle problemet for fylke som ikkje er knytte til regionale senter. I praksis vil det truleg berre gjelde Oslo, sidan også Telemark no har teke initiativ til ei tilknytning til senter. Dei regionale sentra vil ha ei sentral oppgåve i å sikre talentutvikling, både gjennom kursing, gjennom tilskott og ikkje minst gjennom arbeidet retta mot barn og unge.

Dersom Oslo blir ståande utan tilknytning, vil det vere svært uheldig. Sjølv om den profesjonelle delen av bransjen står sterkt i Oslo, har regionen grupper som per i dag i liten grad er involvert i filmmediet. I lys av målet om mangfald vil vi særleg peike på grupper med anna kulturell bakgrunn, der Oslo har særskilte behov.

Det har vore gjort framlegg om at NFI skulle ta desse oppgåvene. Vi ser ikkje dette som ei god løysing. NFI kan truleg ta på seg enkelte oppgåver knytte til barn og unge. Men i høve til den profesjonelle delen av bransjen må ein føresetje at dei sterkaste søkjarane skal bli prioriterte.

Det vil i så fall vere rimeleg å seie at søkjarane frå Oslo måtte konkurrere med dei beste søkjarane frå andre delar av landet, og slik møte ein ekstra høg terskel.

Samtidig vil det krevje at NFIs kursverksemd i enda sterkare grad vart knytt til regionale behov i Osloområdet, og ikkje dei nasjonale behova for bransjen. Vi ser ikkje at dette er i tråd med hovudinnretninga i filmmeldinga. Alternativt måtte NFI setje opp ein "regionspott" som vart forvalta separat frå andre oppgåver. Dette vil både måtte byggje opp ekstra byråkrati, og i tillegg skape uklare ansvarsområde i forhold til målsettinga om uavhengige regionale senter. Vi vil derfor rå til at desse oppgåvene blir lagt til eit anna senter, og oppmode dei sentrale styresmaktene til å rådføre seg med regionale instansar på området.

Vidare ser vi at Internasjonalt samisk senter må handsamast særskilt. Senteret har eit svært stort geografisk nedslagsfelt, som dekkjer fleire regionar i fleire land. Aktiviteten er knytt til samisk språk og kultur, og kan med det seiast å ha ei utvida og meir sjølvstendig oppgåve enn dei reint regionalt forankra sentra. NFI vil derfor tilrå at det blir utarbeidd særskilte kriteria for senteret der ein også tar omsyn til det internasjonale aspektet ved drifta.

Vi står gjerne til rådvelde for utdjupande kommentarar.

Med vennleg helsing

Nina Refseth
direktør